



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2190-

26. november 2018

Svar på spørsmål 12 til Prop. 1 S (2018-2019)

Eg viser til komiteen sitt spørsmål 21. november til Prop. 1 S (2018–2019) for Samferdselsdepartementet. Under følgjer svaret på spørsmålet.

Spørsmål 12

Kva konsekvensar har det for framdrifta i dei prosjekta som er kutta i budsjettforliket mellom regjeringspartia og Kristeleg Folkeparti?

Svar spørsmål 12

Det er tre investeringsprosjekt som er blitt kutta i budsjettforliket mellom regjeringspartia og Kristeleg Folkeparti, to investeringsprosjekt på veg og eitt farleiprojekt. Kutta er ein konsekvens av framdrifta i prosjekta. Begge vegprosjekta er omtalt i Prop. 17 S (2018–2019) *Endringar i statsbudsjettet 2018 under Samferdselsdepartementet*.

1. E69 Skarvberg tunnelen i Finnmark

I Prop. 87 S (2017–2018) *Nokre saker om luftfart, veg, særskilde transporttiltak, kyst og post og telekommunikasjonar* vart det fastsett kostnadsramme for prosjektet E69

Skarvberg tunnelen. Av denne proposisjonen går det fram at det er lagt opp til anleggstart på prosjektet i 2018. Prosjektet er føresettt gjennomført med totalentreprise som kontraktsform.

Som omtalt i Prop. 1 S (2018–2019), inneber dei mottatte pristilboda på bygging av prosjektet at prognosa for sluttkostnad er i nærleiken av kostnadsramma.

Samferdselsdepartementet har derfor lagt fram forslag om ei auka kostnadsramme i Prop. 17 S (2018–2019) *Endringar i statsbudsjettet 2018 under Samferdselsdepartementet*.

Anleggsstart er noko utsett som følgje av dette. Løyvinga til prosjektet E69

Skarvbergtunnelen er i budsjettforliket kutta med 50 mill. kroner og nytt beløp for 2019 er tilpassa nye føresetnader.

2. E16 over Filefjell – Øye–Eidsbru i Oppland

I 2018 har entreprenøren hatt raskare framdrift på prosjektet enn det som låg til grunn for forslaget til løyving i Prop. 1 S (2017–2018). Statens vegvesen sine prognosar viser at det i 2018 vil bli brukt om lag 130 mill. kr meir enn løyvinga. Regjeringa foreslår derfor at løyvinga for 2018 blir auka med 130 mill. kr, jf. Prop. 17 S (2018–2019) *Endringar i statsbudsjettet 2018 under Samferdselsdepartementet*. Restbehovet vil med auka løyving i 2018 bli redusert. Reduksjonen i budsjettforliket for 2019 på 94 mill. kroner vil ikkje påverke tidspunktet for når prosjektet vil bli opna for trafikk.

3. Innsegling Leirpollen i Finnmark

Prosjektet innsegling Leirpollen er forseinka, og vil tidlegast kunne starte opp seint i 2019. Kuttet i budsjettforliket mellom regjeringspartia og Kristeleg Folkeparti på 15 mill. kroner vil ikkje ha konsekvensar for den vidare framdrifta i prosjektet.

Med helsing



Jon Georg Dale